

Symjeopplæring – Vats skule

Kunnskapsløftet -2006-har desse kompetansemåla for symjing i kroppsøvingfaget:

Kompetansemål etter 4. årssteg	Vere svømmedyktig ved å falle uti på djupt vatn, symje 100 meter på magen, og undervegs dykke ned og hente ein gjenstand med hendene, stoppe og kvile i 3minutt (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg) så symje 100 meter på rygg og ta seg opp på land
Kompetansemål etter 7. årssteg	Utføre grunnleggjande teknikkar i svømming på magen, på ryggen, på sida, under vatn, og kunne berge seg sjølv i vatn
Kompetansemål etter 10. årssteg	Utføre varierte og effektive svømmeteknikkar over og under vatn, svømme ein lengre distanse basert på eiga målsetjing

(Henta frå ny plan 01.08.2015)

Elevane i kommunen skal ha eit minimumstal undervisning i bassenget:

3. klasse	8 klokkeimar
4.klasse	8 klokkeimar
5.-7. klasse:	12 klokkeimar i løpet av mellomtrinnet (4 +4+ 4 eller 6+6 +0)

Prioritering og konkretisering av mål:

Timetalet som blir nytta til symjeundervisning er mindre enn det burde vere for å oppnå full oppnåing av kompetansemåla, Det gjer at prioriteringa blir viktig, og her skal det vere eit mål at elevane blir så symjedyktig at dei kan berga seg sjølv ved uhell, og etter kvart blir i stand til å hjelpe andre. Konkret betyr det at tida her skal brukast på dei som treng meir trening for å oppnå dette.

3.-4. klasse: Det skal kvart år brukast tid på vanntilvenning for dei yngste, målet er at alle i løpet av 4. klasse skal kunne symje 100 meter, dykke og halde seg flytande i fleire minuttar.

5.-7.klasse: Dei som ikkje har oppnådd målet for 4. klasse må få eiga trening for dette. Målet elles er at eleven skal bli trygg i dykking og få ein rytme som gjer at han kan symje 200 meter ved utgangen av barnetrinnet.

8.-10. klasse: Hovudvekt på god symjerytme, evna til å orientere seg under vatn og livredning.

Enkeltelevar kan etter behov få meir symjeundervisning enn resten av trinnet.

Skulen bør nytta eit eige skjema som dokumenterer kompetansen for kvart årskull. Dette må fylgje klassen heile barneskuletida. Her må det gå klart fram kva dugleik kvar enkelt elev har nådd, og kva tid denne er nådd.